



KOPI

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1173 - 19/11606

Saksbehandlar:  
Silje Haukedal  
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:  
22.08.2019

## Løyve til oppføring av Badeplass Nesvatnet - gbnr 45/1 Manger

Delegasjonssak nr.: 201/2019

### **Administrativt vedtak. Saknr: 201/2019**

**Tiltakshavar:** Radøy kommune  
**Ansvarleg søker:** Smedsvig Landskapsarkitekter AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om universelt utforma badeplass med Nesvatnet.

Søknaden omfattar grunn- og terregnarbeid, kanostativ, etablering av strand med skjelsand, natursteinskant med høgde 0,5 meter, baderampe for rullestol, utfylling under vann og flytebrygge.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.05.2019 og supplert 13.06.2019, 21.06.2019 og 18.08.2019.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Sakshandsamingsfristen starter når fullstendig søknad ligg føre. Fristen er 13.09.2019.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Manger sentrum, id 12602007000800, er definert som friområde og friområde i vassdrag.

Følgjande kjem fram av føresegna til reguleringsplanen.

### **3.4. Friområde**

Friområde skal nyttast til rekreasjonsareal, parkar og friareal og kan opparbeidast med benkar, stiar, gangvegar, leikeareal og liknande. I friområda skal ein sökje å ta vare på stadeigen vegetasjon.

I friområdet F6 har kommunen eit anlegg for vatn og avløp.

Vidare kjem følgjande frem av føresegna til kommuneplanen til Radøy pkt. 3.5.8.

I friluftsområdet i sjø kan det ikkje etablerast tiltak, jf. pbl. § 11-11 nr 3. Unntak gjeld for universelt utforma badeplass/badebrygge og tilsvarende ålmennytige tiltak som ikkje kjem i konflikt med friluftsføremålet eller strandsoneverdiane.

Tiltaka som er søkt etablert er mindre tiltak for å betre kvaliteten på friområde. Ved å etablere universelt utforma badeplass vil brukargruppa av friområde auke. Bygningsstyresmakta vurdere dermed tiltaka til å vere i tråd med arealføremåla på land og i sjø.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Begrunnelse for dispensasjonssøknaden: (bruk gjerne eget ark i tillegg om du trenger mer plass)

I forbudet med universell tilrettelegging av badeplassar, skal det etableres en HC-rampe for badning.  
Dette lar en etablering av et mindre belongfundament samtidig med utfylling.  
Det ønskes også etablert et stativ for oppbevaring av hander.

Signatur(er):

..... 11.07.2019

### Uttale frå anna styresmakt

Saka har vore sendt på uttale til Fylkesmannen i Vestland og Hordaland fylkeskommune. Det er ikkje motteke merknader innan fristen.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 01.04.2019.

### Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser grunn- og terregnarbeid, kanostativ, etablering av strand med skjelsand, natursteinskant med høgde 0,5 meter, baderampe for rullestol, utfylling under vann og flytebrygge.

### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## VURDERING

### Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempar dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Strandsonevernet skal sikre rekreasjon- og friluftsinteresser, ålmenta sin frie bruk og ferdsel og bevaring av landskaps- og naturkvalitetar.

Bevaring av strandsona har dessutan ein eigenverdi i seg sjølv. Både Stortinget og Regjeringa har ved fleire høve, mellom anna gjennom rundskriv frå Miljøverndepartementet, understreka strandsonevernet og trøngen for å skjerpa dispensasjonspraksisen i strandsona.

I denne saka søker det om opparbeiding av offentlig universelt utforma badeplass. Tiltaket gjerast for å gjere strandsona tilgjengeleg for ei større brukargruppe og for å gjere åtkomsten til strandsona lettare. Tiltaka vil innebera at området i større grad legg til rette for friluftsliv og rekreasjon. Dette vil vere ei fordel for ålmenta.

Kommunen finn ikkje at det er nemneverdige ulempar med tiltaket.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona er oppfylt.

### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søkeren.

### Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### Løyve etter andre regelverk

Utlegging av skjelsand kan vere søknadsplichtig etter forureiningslova. Fylkesmannen i Vestland er forureiningsmynde for slike sakar. Det må avklarast med Fylkesmannen i Vestland om det er naudsynt med løyve etter forureiningslova.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona jf. pbl. § 1-8 for grunn- og terrengarbeid, kanostativ, etablering av strand med skjelsand, natursteinskant med høgde 0,5 meter, baderampe for rullestol, utfylling under vann og flytebrygge på ca. 3x5 meter.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak grunn- og terrengarbeid, kanostativ, etablering av strand med skjelsand, natursteinskant med høgde 0,5 meter, baderampe for rullestol, utfylling under vann og flytebrygge på ca. 3x5 meter på følgjande vilkår:**

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 01.02.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Utfyllingen skal avgrensas til det som er naudsynt for å få plass til HC-baderampe ved siden av eksisterande badestrand.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1173**

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

**Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.1.	Dispensasjon frå pbl § 1-8	1	10 300,-
10.2.8	Basisgebyr andre konstruksjonar og anlegg	1	6 700,-
	<b>Totalt gebyr å betala</b>		<b>17 000,-</b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

**Klage på gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Silje Haukedal

konst. leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal

leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Mottakere:**

Smedsvig Landskapsarkitekter AS

Øvre

5918

Bergen

Korskirkessmauet

2B

